




# Indre Nordfjord Turlag



## Årsmelding Indre Nordfjord Turlag 2023





## Indre Nordfjord Turlag Årsmelding 2023

Årsmøtet 2022 vart halde på Stryn Hotel 6. desember 2022. Ca 25 møtte på årsmøtet som vart gjennomført på ein grei måte. Leiar Olav Auflem ynskje velkommen, og det vart synt ein samansett bildekavalkade frå turen Vetledalssetra – Slæum – Sota som innleiing til årsmøtet. Dei vanlege årsmøtesakene gjekk greitt igjennom, og både årsmelding og rekneskap vart godkjent. Av dei som stod på val i styret gjekk Unni Verlo og Kristine Tønning ut. Inn kom Anne Notøy og Eva Guddal. Pål Taraldsen kom inn som 1. vara og Jan Skaare som 2.vara. I Barnas turlag tok ikkje Martin Fredheim Klaesson gjenvalg, Veronica Hilde vart ny representant. I Gå- laget gjekk Anne Stubbdal ut og inn kom Berit Hisdal Lunde. I hyttestyret Vetledalssetra gjekk Jon Erik Greidung ut og inn kom Olav Solheim. I det nyoppretta Rute/sti-hytteutvalet vart det valgt inn 4 representantar.

Som leiar vil eg takke alle dei rundt 30 tillitsvalde i ulike funksjonar i organisasjonen gjennom 2023. Ikkje minst også innleigde kjentfolk på turar og at medlemmane gjer seg nytte av tilboda våre. Pr. dags dato har vi rundt 2000 følgjarar på den offisielle facebook-sida vår, så det er her vi når ut til både medlemmar i INT og andre som ynskjer å følgje med på kva vi driv med. I tillegg vert heimesida vår nytta mykje, og ein må innom her for å melde seg på turane våre der dette er krav. Medlemmar pr. oktober 2023 ca. 540.





Indre Nordfjord Turlag



### Styre- og utval 2023

|                  |                  |
|------------------|------------------|
| Leiar            | Olav Auflem      |
| Nestleiar        | Odd Henrik Berge |
| Sekretær         | Anne Notøy       |
| Økonomiansvarleg | Idar Skogli      |
| Styremedlem      | Bente Sunde      |
| Styremedlem      | Renate Berstad   |
| Styremedlem      | Eva Guddal       |
| 1.vara           | Pål Taraldsen    |
| 2.vara           | Jan Skaare       |

Revisor Jon Valaker

**Barnas Turlag:** Hilde Cecilie Smørdal, Terese Sunde, Veronica Hilde, Siv Myklebust.

**Hyttestyret Vetledalssetra:** Stig Skåre/Per Jakob Kyrkjeide/Olav Solheim og Dag Greidung

Ansvarlege Arne Heggstad og Hans Støle

**Infimus:**

Olav Auflem, Tor Guddal, Lars Raae, Per Jakob Kyrkjeide

**Rute/sti-hytteutval:**

Eivind Skjerven, Oddmund Teigland, Pål Taraldsen, Berit Hisdal Lunde

**Gålaget:**

**Valnemd:**

Jan Træen, Kristine Tonning, Unni Verlo

## Året 2023

Nok eit hektisk år i turlaget. Mange turar er gjennomført i dei ulike turgruppene. Arrangement for born, ungdom/flyktingar/seniorar og fellesturar er gjennomført. Tillitsvalde i organisasjonen har delteke på møter i Nasjonalparkregi/eigne møter med ulike represetantar Nasjononalpakstyret og Statens Naturoppsyn. Møter med Stryn Kommune og Nordfjord Friluftsråd vedrørende sti – ruter – ro og padleruter i Stryn. Møter med grunneigarar og grendalag vedrørende oppmerking av stiar i ulike områder i Stryn, fokus på Oppstryn dette året og truleg dei neste to åra. Av arrangement vil eg trekke fram samarbeidet med Stryn Kommune om skidag på Ullsheim for flyktingar i mars der vi hadde ca 60-70 deltakarar. Barnas Turlag skipar som vanleg til 2 Kom Deg Ut dagar i året, samt andre turar. Vi hadde også eit fantastisk ungdomsarrangement på Lodgen i Stryn og tur ved Skisenteret som vart svært populært, dette vil verte vidareført i 2024.

Gå-laget hadde ein flott skidag på Ullsheim, samtidig som dei har vore aktive heile sommaren med turar. Onsdagsturar har som vanleg vore arrangert stort sett kvar onsdag med ulik antal deltakarar, noko veret sommaren 2023 også må ta skulda for. Også helgaturane har stort sett gått etter planen, nokon utsett til helgar med betre meldingar og nokre dessverre avlyst. Summere ein opp antal deltakarar vil ein ligge i overkant av 1500 i 2023. Dette talet er inkludert alle som har nytta seg av Randoneestyret vårt og anlegget vårt ved Nasjonalparksenteret, samt besøk hytta på Vetledalssetra.

Hovudstyret har hatt 3 fysiske styremøter og ein del digitale korte møter i løpet av året, antal styresaker passerte 29. Vi har også hatt mange på kurs i år, vi treng rekruttering av nye turleiarar på alle nivå, kjekt å sjå. Kort oppsummert – nok eit svært aktivt år i turlaget.

Olav Auflem

### Representasjonar/utsendingar til møter 2023

|  |   |
|--|---|
| Årsmøte DNT Sogn og Fjordane   | Olav Auflem, Idar Skoglid                     |
| Presentasjon Skjøtselsplanar Erdalen/Sunndalen/<br>Bødalen i desember 2022 | Olav Auflem, Tor Guddal                       |
| Fellesmøte DNT Sogn og Fjordane  | Olav Auflem, Odd Henrik Berge,<br>Bente Sunde |
| Prosjektgruppe stiar/ruter/ro-padleruter i Stryn                           | Olav Auflem, Tor Guddal                       |



## Helgaturane 2023

Det har blitt gjennomført i alt 16 turar i år. Av desse er 6 skiturar. Nokon turar har og blitt avlyst av ulike grunnar. Det har vore ganske god deltaking på turane og det har vore frå 5 til 30 deltakarar. Dei lengste turlane har det vore best oppslutning om og på Lodalskåpa og Ceciliekruna har det vore ventelister. Men det er fortsatt viktig å ha dei kortare turane på programmet.



Frå toppen av Fremstekåpa 1773 moh. Vi gjekk opp Vetledalen og etter ein veldig kort tur inn på breen gjekk vi til Fremstekåpa og Strynekåpa. Vidare gjekk vi ned mot Erdalsbreen og Infimus. Retur ned Ulvestigen og tilbake til Vetledalsetra.



Frå turen til Ceciliekruna. Vi ser ned i Olden/Oldedalen

## Ungdomsarrangement 5.mars 2023

Vi hadde ein heildag med aktivitetar for ungdom mellom 13- 18 år. Vi starta med samling på Sryn aktivitetslodge kl 09.00 for frokost. Der hadde Svein ein gjennomgang på sikkerheit, og informerte om kva som skulle skje i løpet av dagen. Med dårlig sikt og farevarsel 3 på snøskredvarslinga, så vart det bestemt at vi skulle ta 2 korte, sikre, turar i skogsterreng. Det vart ein tur til Marakråna, og ein tur til Hogden. Det var eit fantastisk føre, med masse puddersnø. Etter turane, reiste vi tilbake til Lodgen, for afterski med pizza, musikk, bastu og badestamp 😊 Vi i Indre Nordfjord Turlag håpar og trur at dei 11 ungdommane som var med, hadde ein super dag. Håpet er at dei kan få med seg fleire neste gang. Stor takk til Svein og Heidi på Lodgen, for eit supert samarbeid!! 😊



## Årsmelding Barnas Turlag INT 2023

### Styret:

Siv Merete Aasebø, Siv Myklebust, Hilde Cecilie Smørdal, Veronica Hilde og Terese Sunde

### Møter:

Vi har hatt videomøter på messenger i forkant av arrangement, samt to fysiske møter. Styret har fungert utan leder, då ingen ønska denne oppgåva i 2023. Siv har vore mail- kontakt for styret i INT og Sogn og Fjordane Turlag .

### Dokument, e-post og Teams:

- Vi har samla alle dokument på google disk, der alle i styret har tilgang og kan opprette og redigere.
- DNT har oppretta eiga e-postadresse for Barnas turlag INT, slik att vi har ein personuavhengig e-post inn til styret, både for publikum og samarbeidspartar. Denne er vi ikkje komne godt i gang med å bruke, så det blir eit mål for 2024.
- Barnas Turlag INT har fått eige team under DNT på Teams. Denne er foreløpig for lite brukt og i planleggingsarbeid bør vi nok utnytte denne bedre.

### Marknadsføring

- Facebook og Instagram: Vi brukar i hovudsak facebook og instagram-sidene til Barnas Turlag INT for å nå ut til foreldrene til barna i målgruppa, både ved å skrive innlegg, lage arrangement og opprette "historier".
- Vi lagar plakatar som vi heng opp i barnehagar, skular og sfo i forkant av nokre av arrangementa, då det erfaringsmessig aukar deltakinga viss barna ser bilde og beskriving sjølve også. Plakatane lagar vi i vanlig word/google docs og laminerer sjølve.
- QR- koder: Vi har QR-koder til facebookside og instragramside. Desse kodane brukar vi på skriftleg materiell der vi ønskjer å redusere mengde tekst og heller sende mottakeren rett til sida vår.
- Vi har også laga QR -kode klistremerker som vart festa på alle turpostkassene i forkant av denne sesongen. Denne er linka til Barnas turlag på INT si nettside, slik att dei som er på tur og scannar koden kjem rett til turbeskrivinga for våre 21 Turboturar. Desse må kanskje endrast til komande sesong, slik att ein blir sendt til ny nettside.

- Brosjyre: Vi har laga ei brosjyre med informasjon om BT som vi har fått trykt på trykkeri. Den er lagt ut på helsestasjonen, Skogstad, XL-bygg og Røde Kors hytta. Vi har også spurt om å få legge den hos Sport1. Dei ønska ikkje brosjyrer på disken, men heller plakat i vinduet.
- Lokalavis: styret har diskutert behovet for annonsering i lokalavis og kome fram til att det ikkje er hensiktsmessig for å nå ut til vår målgruppe. Reportasjer etter arrangement har vi brukt lite dette året.

Angående ut.no så har vi hatt ein dialog med Anna i Fjordane Friluftsråd for å få på plass digital registrering av turane.

### Ustyr:

I år fekk vi i samarbeid med hovudstyret kjøpt inn tre par randoneeski (lengde 120-130-140) med sko, feller og stavar. INT har oversikt over i kor stor grad dette vart utleigd.

### Kurs:

Siv Merete og Terese har gjennomført "Grunnleggande turleiar".

### Turar og arrangement 2023:

KDU-dag Stryn vinterski februar

Kick-off tur Turboturar til Flo Skue 30.april

Brulandsstøylen Utvik juni

KDU-dag Nasjonalparksenteret september

To Lommelyktturar 4.november- Bolleberget i Innvik og Dagsturhytta i Stryn

Vinter KDU- dagen hadde vi på Stryn Vinterski. Her prøvde vi å få til ein avtale med hundeslede-køyring, men det gjekk desverre ikkje opp med dag og tid. Vi gjorde avtale med ein tilsett på skisenteret som kunne vere skiinstruktør. Her var det lite oppslutning og bedre marknadsføring og påmelding skulle nok vore gjort. Vidare hadde vi grilling i gapahuken, natursti, Turbo var innom og dansa til turbosangen, det vart sett ut mange element i tautrekket og det var gratis heis i tautrekket og juniortrekket for barn til og med 12 år. Antall som var innom oss ved gapahuken var rundt 120 personar.

Turboturane: Før sesongstart i mai hengte vi opp fem nye turkasser, slik att vi no totalt har 21 turbopostar. Dei nye postane er Flo Skue, Øyenibba, Hauga/Tyvasetra, Brulandsstøylen og Ulvedalsdemmene. 2023- sesongen var frå 1.mai til 4.november. I skrivande stund er det 23 innsendte skjema og ein fin oppgang frå i fjor. Sesongen for Turboturane starta med kick- off tur til Flo Skue 30.april. 10 stk stort og smått.



Neste arrangement var tur til Brulandsstøylen i Utvik i juni. Her var det omlag 25 oppmøtte og det vart ein nydelig tur til denne utsikspærla.

Haust KDU- dagen hadde vi i ved Nasjonalparksenteret i Oppstryn. Dette var ein regntung septemberdag og oppmøtet til vann- og strandaktivitetar vart deretter. Vi grilla pølser i bålpanne, hadde ut kanoar og sup-brett, samt hadde laga til aktivitetsløype i området rundt naustet. Nokre friskusar var også uti og bada og svømte ut til flytebrygga. Ein kjekk dag for dei få som møtte opp.

Tur til Svartevatnet 1.oktober: Tanken bak denne turen var å legge opp ein litt lengre tur for dei større barna i mågruppa vår. Uheldigvis var det svært mykje nedbør og vi endte med å avlyse kvelden før. Vi prøvde ut påmelding via facebook-arrangementet og kommentarfeltet på denne turen, men sidan veret vart så dårleg fekk vi ingen påmelding og ingen erfaring med det.

Siste arrangementet i år var to lommelykturar på same tidspunkt (17:00) 4.november, ein til Bolleberget i Innvik og ein til Dagsturhytta i Stryn. Vi flytta arrangementet til etter klokka var stilt, for å kunne starte turen tidligare på kvelden. Mindre deltaking enn tidligare år, med 50-60deltakarar totalt, med stort og smått. På vegen fekk deltakarane prøve seg på refleksjakt og natursti. Fleire hadde med kveldsmat og noko varmt i koppen og kosa seg ved målet.

I år går Siv og Hilde ut av styret og vi som er igjen takkar dei for god innsats.

Styret i Barnas Turlag





## Rute/sti-hytteutvalet

Arbeidet i Rute/sti – hytteutvalet har i 2023 stort sett gått med til møter/synfaringar og planleggig av arbeid med sti- og rutenett i Stryn Kommune. Tor Guddal og Olav Auflem er med i ei Prosjektgruppe samansett av representantar frå INT/Stryn kommune/Nordfjord Friluftsråd og Visit Nordfjord. I denne gruppa skal ein sjå på sti – og rutenettet i Stryn Kommune, event. også høve til ro/padleruter. Arbeidet i denne gruppa vil halde fram i 2024. Fokus på folkehelse. Då står også utvikling av dagsturhytta på agendaen. INThar no teikna ny samarbeidsavtale med Stryn kommune om drift/tilsyn av hytta fram til 31.12.2029. Vi har prioritert å jobbe med merking av Marsåhyrna (avtalar med grunneigarar er ordna). Vi vil også prioritere ein del jobbing med stien frå Vetledalssetra til Infimus, samt merke ei rute mot Strynekåpa ( vardar). Dette er i tråd med avtale inngått med Jostedalsbreen Nasjonalparkstyret.

Vi har tidlegare hatt ansvarlege for hytta Infimus oppe ved Erdalsbreen ( no må vi vel sei Erdalsvatnet – då breen har trekt seg langt tilbake). Stor takk til Arne Heggestad og Hans Støle som har hatt ansvaret her i mange – mange år. No vil ansvaret verte lagt innunder rute/sti – hytteutvalsgruppa. Hytta på Vetledalssetra vil fortsatt ha eige hyttestyret. Her hadde vi ein god dugnad i oktober med hogging av ny ved.

I 2023 har vi hatt 89 overnattingar og 110 besøk på hytta ( har nok vore fleire, då ikkje alle skriv seg inn )

Vi har også inngått samarbeid med Oppstryn Bygdeutviklingslag om eit prosjekt som heiter **På tur i Oppstryn**. Dette prosjektet vil nok gå over fleire år før ein er nøgde med resultatet.





Indre Nordfjord Turlag



## Onsdagsturar 2023

Onsdagsturar er ein tradisjon i Indre Nordfjord Turlag. Utruleg kor mange «ukjende» og flotte plassar du kan oppleve om du vert med oss på desse turane. Deltakarantallet kunne gjerne ha vore større, dette er og skal vere eit tilbud alle kan vere med på. Om ein er usikker er det berre å ta kontakt med oss i turlaget. Uansett om nokre kan virke som lange og «travle» har vi også mange som er korte og lette.

I 2023 hadde vi 14 turar med tilsaman rundt 150 deltakarar, så her er plass til fleire.



## Gå-laget – årsmelding 2023

Før tur-sesongen startet arrangerte vi 2 ski-dager på Ullsheim hvorav en av turene var for funksjonshemmede. Turlaget hadde i forkant av disse turene kjøpt inn en skilator (med støtte fra kommunen) for å hjelpe funksjonshemmede til å komme seg ut på ski.

Gå-laget var også med på gjennomføringen av skidagen for «våre nye landsmenn» - også dette på Ullsheim.

I 2023 har vi gjennomført 10 turer (mot 8 i 2022) og totalt har 25 personer vært med på turene. Flest var vi på tur til Utitunstøylen på Hopland med 13 deltagere. Siste turen i høst med 10 deltagere var til Skredfjellet fra Hoven i kaldt og vått vær (kompensert med godt humør).

I gjennomsnitt har vi vært 7 deltagere på tur i 2023, omtrent det samme som året før. Ambisjonen for året var at vi skulle ha 12 deltagere på turene våre. Turgruppa har også i år hatt 25 deltagere. Også i år har vi lagt vekt på å ha en spredning av turene rundt om i kommunen samt ha et par turer utenfor kommunen (som i år har vært turer til Ytrehornsnakken og Støyvastøylen).

Vi har inneværende år fått økonomisk støtte fra Aktiv i 100 prosjektet, hvor Helsedirektoratet i 2016 og seinere år utfordret DNT og Røde Kors til sammen å etablere gå-grupper, for å motvirke ensomhet blant eldre samt skape møteplasser for sosial og fysisk aktivitet.

For oss i styret går vi løs på ny sesong med friskt mot. Det er nå flere som sier at det er viktig for dem at gå-laget eksisterer og vi håper dette vil føre til bedre oppslutning framover.

Vi har i år hatt små-annonser i Fjordingen, annonsering på INT's sider (FB og hjemmeside) og korte oppsummeringer på FB.

Vi i styret har gjennomført Ambassadør- og Nærturleder-kurs.

Vi har hatt 5 styremøter samt et kombinert oppsummerings-møte (av i år) og planleggings-møte (av 24).

For Gålaget – Pål Taraldsen



|         | Tur #  | Informasjon om turen (km, moh, etc)   | # deltagere |
|---------|--|---|-------------|
| 26/4-23 | Tur 1 – Visnes-runden  | To-trinnstur. Turen går dels på skogsvei og dels på sti. Parkerer oppe på Visnes. Avhengig av rutevalg er turen 2 eller 5km med maks stigning på 250m. Lett til middels tung tur.         | 5           |
| 10/5-23 | Tur 2 – Remestøylene (Innvik) – ble erstattet med Høgefossen                       | Kort tur: ca 1km hver vei og total stigning ca 100m. 1 time opp. Lett tur.  | 5           |
| 24/5-23 | Tur 3 - Erdalsetra-Vetledalsetra (fra Loppeset) (Oppstryn)                         | To-trinnstur. Starter på Loppeset ca 375moh. Etter ca 2km er vi på Erdalsetra og etter 2km til er vi på Vetledalsetra ca 510moh. Total stigning ca 160m. Lett til middels tur.            | 7           |
| 7/6-23  | Tur 4 – Brenndalen (fra Åbrekke) - Olden   | Starter i Åbrekke i Olderdalen. 300m stigning og 6km T/R. Turen kan gjøres kortere ved å kjøre inn første delen.  | 5           |
| 21/6-23 | Tur 5 – Fra Ytrehorne til dagsturhytta på Nakkebruna (Hornindal) - Ytrehornsnakken | To-trinnstur. Første del til Dagsturhytta ca 200m stigning og neste del opp til Ytrehornsnakken 260m stigning. 3-4 km T/R. Lett til middels tur.  | 7           |
| 2/8-23  | Tur 6 – Holevatnet/Holsetra (fra Tønningsetra) – passerer bommen ved skisenteret   | To-trinnstur. Starter på Tønningsetra ca 415moh. Etter ca 3km kommer vi til Holesetra 570moh. Etter ytterligere 2km kommer vi til Holevatnet 798moh. Total stigning ca 380m. Middels tur. | 7           |
| 16/8-3  | Tur 7 – Ytre Hoplandstøl (frammøte ved Rand skytebane)                             | Lett til middels tur - stigning ca 300m.  | 13          |
| 30/8-23 | Tur 8 – Støyvastøylene (fra Svoda) (Utvik)   | 5km T/R og ca 250m stigning. Middels tur.   | 5           |
| 13/9-23 | Tur 9 – Til Tyvasætra/Haugasætra (fra Sande i Loen)                                | 350m stigning opp på skogsvei, ned på sti. Ca 4-5km T/R. Middels tur.   | 7           |
| 27/9-23 | Tur 10 – Hoven (skylift fra Loen) – gå til Skredfjellet (evnt Årheimsfjellet)      | 6km T/R. Middels tur. 300m stigning.  | 10          |



Indre Nordfjord Turlag



Utitunstøylen på Hopland



Støyvastøylen Utvikfjellet



Indre Nordfjord Turlag



## Kurs gjennomført i 2023

INT treng fornying av turleiarar. Kurs har vore ei prioritert oppgåve i 2023 der vi har prøvd å få fleire til å starte turleiarstigen til DNT. I Barnas Turlag har Siv Merete Åsebø og Terese Sunde tatt grunnleggande turleiarutdanning. Dette vart halde i Askvoll.

I gå-laget har Pål Taraldsen, Oddmund Teigland, Eivind Skjerven og Berit Hisdal Lunde gjennomført Nærturleiar kurs. Kurset vart halde lokalt med ein teorikveld – Ambassadørkurs, og ein praktisk del i terrenget Sandbakkken – Dagsturhytta dagen etter. Eva Guddal og Bente Sunde hadde NF grunnkurskred i Jostedalen, og Bente Sunde og Siv Solheim har tatt første del av Breførarkurs Folgefonna i år.

